



# Gimle skule

Fyresdal kommune

2014 ☎ 731 014

## Forord

Telemark kommunerevisjon IKS er eit av dei største interkommunale revisjonsselskapa i landet. Alle dei 18 kommunane i Telemark, kommunane Larvik og Lardal i Vestfold og Telemark fylkeskommune er eigarar av selskapet. Vi utfører revisjon og andre tenester for eigarane våre og andre kommunale/fylkeskommunale aktørar.

Telemark kommunerevisjon IKS utfører forvaltningsrevisjon innanfor dei fleste område, og med forskjellige innfallsvinklar. Våre tilsette har samfunnsfagleg, økonomisk og juridisk utdanning på mastergradsnivå, og har brei kompetanse innan offentlig forvaltning. Vi gjennomfører oppdraga i samsvar med Norges kommunerevisorforbunds standard for forvaltningsrevisjon ([RSK 001](#)).

Denne forvaltningsrevisjonen er gjennomført av forvaltningsrevisor Anne Sæterdal, med Kirsti Torbjørnson som oppdragsansvarlig.

Vi samarbeider fagleg og administrativt med Buskerud kommunerevisjon IKS og Vestfold kommunerevisjon.

Fyresdal kommune har fått følgjande rapportar om forvaltningsrevisjon sidan 2012:

- 731 010 Risikovurdering og internkontroll (2012)
- 750 011 Erfaringar med Vest-Telemark PPT – ei forundersøking (2013)
- 731 012 Lærlingar i kommunen (2014)

Du kan finne alle rapportane våre på nettstaden vår [www.tekomrev.no](http://www.tekomrev.no), der du også kan lese meir om forvaltningsrevisjon generelt.

# Innhald

Samandrag .....	iii
<b>1 Innleiing.....</b>	<b>1</b>
1.1 Bestillinga frå kontrollutvalet.....	1
1.2 Bakgrunn.....	1
1.3 Problemstillingar og revisjonskriterium .....	2
1.4 Metode og kvalitetssikring.....	3
1.5 Høyring .....	3
<b>2 Bakgrunn .....</b>	<b>4</b>
2.1 Organisering.....	4
2.2 Ressursbruk grunnskule .....	4
2.3 Læringsresultat.....	5
2.4 Forsvarleg system.....	6
<b>3 Undervegsvurdering.....</b>	<b>7</b>
3.1 Revisjonskriterium.....	7
3.2 Fakta om skulens arbeid med undervegsvurdering .....	8
3.3 Revisor si vurdering av skulens arbeid med undervegsvurdering .....	15
<b>4 Elevane sitt skulemiljø .....</b>	<b>17</b>
4.1 Revisjonskriterium.....	17
4.2 Fakta om skulens arbeid med elevanes skulemiljø .....	18
4.3 Revisor si vurdering av skulens arbeid med elevanes skulemiljø.....	21
<b>5 Lærarar og assistentar ved Gimle skule .....</b>	<b>22</b>
5.1 Kompetanse .....	22
5.2 Bruk av assistentar ved Gimle skule .....	24
<b>6 Konklusjonar og tilrådingar .....</b>	<b>25</b>
6.1 Konklusjonar og oppsummering.....	25
6.2 Tilrådingar.....	26
Litteratur og kjeldereferansar .....	27
Tabelloversikt.....	27
Figuroversikt .....	27
Vedlegg .....	28
Vedlegg 1: Metode og kvalitetssikring .....	30
Vedlegg 2: Svarfordeling spørjeundersøking .....	32

Foto framside: TKR

# Samandrag

## Bestilling og bakgrunn

Forvaltningsrevisjonen blei vedtatt av kommunestyret og kontrollutvalet i plan for forvaltningsrevisjon, og kontrollutvalet vedtok prosjektplan for forvaltningsrevisjonen i sak 21/16.

I denne forvaltningsrevisjonen ser vi mellom anna på korleis tiltak som kommunen sette i verk etter tilsyn frå fylkesmannen er vidareført. I tillegg ønskte kontrollutvalet at revisjonen også omfatta bruk av assistentar i undervisning og at vi skulle sjå på kompetansen til undervisningspersonalet.

Forvaltningsrevisjonen er gjennomført i perioden oktober 2016 til januar 2017. Vi har gjennomført intervju, spørjeundersøking, og gått gjennom dokumentasjon og relevant statistikk og undersøkingar skulen har gjennomført.

Vi har undersøkt følgande problemstillingar:

### **I kva grad sikrar skulen at krava til underevgsvurdering i fag blir følgde?**

Skulen har ikkje eit godt nok system for å sikre at krava til underevgsvurdering i fag blir følgde. Det blir gjennomført både elev- og foreldresamtalar, og skulen gir halvårsvurderingar. Skulen bør likevel sikre betre at elevane får framovermelding (retteleiing i korleis dei kan bli betre i faga). Skulen bør også sikre betre at elevane er involvert i arbeidet med vurdering. Det blir gjort mykje bra arbeid for å sikre krava til underevgsvurdering i fag, men skulen sikrar berre delvis at krava blir følgde.

### **Følgjer skulen rutinane for varsling og vedtak knytt til elevane sitt psykososiale miljø?**

Skulen følger til ei viss grad rutinane for varsling, men nyttar ikkje skriftleg meldeskjema og bør sikre betre informasjon til nye føresette. Skulen bør også sikre at alle tilsette kjenner rutinane for varsling godt.

Skulen nyttar malane for vedtak som er utarbeida, men bør tilpasse informasjonen betre til kvar sak. Skulen sin rutine for vedtak krev at skulen treff vedtak oftare enn lova krev. Skulen har truleg ikkje følgd denne rutinen, men har fatta vedtak slik lova krev.

### **Kva for kompetanse har dei fast tilsette og vikarar skulen nyttar til undervisning?**

Skulen har mange fast tilsette med høg kompetanse, men har førebels ikkje nok lærarar til å ivareta framtidige krav om fagkompetanse i faga engelsk, norsk og matematikk. Skulen har lærarar som er i gang med etterutdanning og kan også ivareta krava betre ved å flytte om på nokre lærarar. Skulen har to lærarar utan godkjend utdanning.

### **Korleis er skulens bruk av assistentar i undervisninga?**

Gimle skule har god dekning av vaksne i undervisninga gjennom bruk av assistentar. Assistentane hjelper til i klasserommet og har undervisning av enkeltelevar eller grupper etter opplegg frå lærar eller opplegg som er laga i samarbeid med lærar.

### **Tilrådingar**

Vi meiner at kommunen bør:

- sikre at planar som ligg på nettsida er oppdaterte og gjeldande,
- utarbeide rutinar for undervegsvurdering som sikrar at vurderinga omfattar råd til elevane om korleis dei kan forbetre seg, og som sikrar at lærarane involverer elevane i vurderingsarbeidet,
- sikre at skulen sin plan for elevane sitt psykososiale miljø er kjent og blir følgd opp,
- vurdere om rutinane knytt til vedtak etter opplæringslova § 9a bør justerast, og
- sikre at det blir gitt tilpassa informasjon i enkeltvedtak om rettar knytt til klage.

Skien, 15.02.17

Telemark kommunerevisjon IKS

# 1 Innleiing

## 1.1 Bestillinga frå kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon av Gimle skule blei vedtatt i plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2019 av kontrollutvalet i sak 5/16 og kommunestyret i sak 24/16. Prosjektplan for forvaltningsrevisjonen blei vedtatt av kontrollutvalet i sak 21/16.

Heimel for forvaltningsrevisjon er gitt i kommuneloven § 77 nr. 4, jamfør forskrift om kontrollutval kapittel 5 og forskrift om revisjon kapitel 3.

## 1.2 Bakgrunn

I overordna analyse er det vist til at kommunen har høge driftsutgifter til skule og at fylkesmannen har avdekka manglar ved kommunen sitt forsvarlege system for å følge opp krava i opplæringsloven. Fyresdal hadde våren 2013 og 2014 betre resultat for dei som gjekk ut av tiande klasse enn dei vi samanliknar med, medan dei våren 2015 og 2016 var lågare.<sup>1</sup> Andelen lærarar med universitets-/høgskuleutdanning og pedagogisk utdanning har falle frå 96 % i 2012 til rundt 83 % på rapporteringstidspunktet i 2015. Dette er litt lågare enn snittet for kommunegruppa og landet.

Fylkesmannen hadde i 2014 eit tilsyn med elevane sitt utbytte av opplæringa ved Gimle skule. Tilsynet førte til at skulen fekk pålegg knytt til arbeidet med halvårsvurdering. I 2015 hadde fylkesmannen tilsyn med skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale skulemiljø. Kommunen fekk tre pålegg knytt til arbeidet med enkeltvedtak og fekk pålegg om å sikre at skulen har eit forsvarleg system på området. Systemet skal mellom anna omfatte rutine for varsling og handsaming av oppmoding om tiltak for å sikre elevane sitt skulemiljø. Kommunen har retta lovbrota som fylkesmannen ga pålegg om.

I denne forvaltningsrevisjonen ser vi på korleis tiltaka som kommunen sette i verk etter tilsyna er vidareført. I tillegg ønskte kontrollutvalet at revisjonen også omfattar bruk av assistentar i undervisning og at vi skulle sjå på kompetansen til undervisningspersonalet.

---

<sup>1</sup> Våren 2015 hadde Fyresdal litt betre resultat enn snittet i Telemark, men lågare enn landet og kommunegruppa. Det er verd å merke at med få elevar vil enkeltresultat gjere større utslag.

### 1.3 Problemstillingar og revisjonskriterium

Rapporten handlar om følgande problemstillingar:

- I kva grad sikrar skulen at krava til undervegsvurdering i fag blir følgde?
- I kva grad sikrar skulen at rutinane for varsling og vedtak knytt til elevanes psykososiale miljø blir følgde?
- Kva for kompetanse har fast tilsette og vikarar som skulen nyttar til undervisning?
- Korleis brukar skulen assistentar i undervisninga?

Vi har utarbeida revisjonskriterium<sup>2</sup> til dei to første problemstillingane. De to andre er beskrivande problemstillingar utan revisjonskriterium.

Grunnlaget for kriteria finn vi i opplæringslova og forskrift til opplæringslova, samt i kommunen sine egne rutinar på området.

Kommunen må ha eit forsvarleg system for å vurdere om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, jf. kommuneloven § 13-10. Systemet for vurdering og resultatoppfølging skal vere forsvarleg. Eit forsvarleg system er eit system som er eigna til å avdekkje eventuelle forhold som er i strid med lovverket m.m. og som sikrar at det blir sett i verk adekvate tiltak der det er nødvendig (Ot.prp nr 55 (2003-2004)).

Formålet med systemet er tredelt:

- det kan gi ei meir aktiv og betre oppfølging frå skuleeigaren,
- det er ei presisering av at ansvaret er lagt til skuleeigaren og kan medverke til at ein får eit meir heilskapleg system, og
- det vil styrke høvet til å føre tilsyn f.eks. ved at skuleeigar dokumenterer korleis dei forstår krava, kva som faktisk blir gjort for å oppfylle dei og korleis resultatane blir følgde opp (Ot.prp nr 55 (2003-2004)).

I denne forvaltningsrevisjonen skal vi sjå på korleis kommunen sikrar at krava til undervegsvurdering og krav til varsling og vedtak knytt til elevane sitt psykososiale miljø blir følgde. Kriteria er nærmare omtala i del 3 og 4 i rapporten.

---

<sup>2</sup> Revisjonskriterium er dei reglar og normer som gjeld innanfor det området vi skal undersøke.

Revisjonskriteria er grunnlaget for de analysar og vurderingar som revisjonen gjer og dei konklusjonane vi får. Revisjonskriteria er eit viktig grunnlag for å kunne dokumentere samsvar, avvik eller svakheiter.

#### **1.4 Metode og kvalitetssikring**

Vi har intervjuet kommunalsjefen og leiinga ved skulen, samt plasstillitsvalte. Det er gjennomført ei spørjeundersøking retta mot lærarar og assistentar ved skulen, samt at vi har nytta resultat frå elevundersøkinga og ei foreldreundersøking som skulen har gjennomført. Vi har gått gjennom dokumentasjon på halvårsvurdering/elev- og foreldresamtalar, samt resultat og statistikk som er offentlege, årsplanar for utvalde fag og relevante rutinar ved skulen og andre kommunale dokument.

Val av metode og tiltak for kvalitetssikring er omtala nærmare i vedlegg 1 til rapporten og svarfordeling frå spørjeundersøkinga er vist i vedlegg 2.

#### **1.5 Høyring**

Faktadelane i rapporten er gått igjennom i møte med administrasjonen før utkast til rapport vart sendt på høyring til rådmannen den 27. januar 2017. Fyresdal kommune hadde ikkje tilføyningar/merknader til den endelege rapporten.

Som orientert om i møte med administrasjonen er tal henta frå skoleporten (udir.no) på undervisningspersonell oppdatert med tal som blei offentlege 15.02.17.



## 2 Bakgrunn


### 2.1 Organisering

Gimle skule er leia av ein rektor i full stilling, samt tre stegleiarar som til saman har 0,9 årsverk sett av til administrative oppgåver. Rektor har overordna personalansvar, medan stegleiarane har det daglege personalansvaret. Stegleiarane har også det daglege pedagogiske ansvaret, mellom anna for vikarar, faste møte kvar veke og utarbeiding av timeplan. Skulen ligg organisatorisk under kommunalområde kultur og oppvekst. Både for rektor- og kommunalsjefstillinga har det vore fleire personskifte dei seinare åra. Kommunen og skulen har merka denne ustabiliteten. Noverande rektor starta i stillinga 1. april 2015, men var hausten 2015 konstituert som kommunalsjef.


### 2.2 Ressursbruk grunnskule

#### 2.2.1 Personell

Gimle skule har betre lærardekning enn både Telemark og landet, men ikkje samanlikna med eiga kommunegruppe. Figur 1 syner at mens ein lærar i Fyresdal i snitt hadde rundt 12 elevar hausten 2015 er tilsvarande tal for kommunegruppa litt under 9.



Figur 1 Gjennomsnittleg gruppestørrelse 1. - 10. trinn (SSB)



Figur 2 Tal på elevar per assistentårsverk i undervisninga (Udir)


kommunane, har Fyresdal også betre dekning enn gruppa samla sett.

Skulen har langt betre dekning av assistentar i undervisninga enn både Telemark og landet. Gimle skule har også fått fleire assistentar i undervisninga. På landbasis har det vore mellom 76 og 72 elevar per assistent, mens det i 2015/16 var 32 og i 2016/17 42 elevar per assistent ved Gimle skule (figur 2). Vi har sett på tal for dei ulike kommunane i kommunegruppa til Fyresdal. Sjølv om det er store variasjonar mellom

### 2.2.2 Økonomi

Fyresdal kommune brukar ein større del av sine inntekter på skule enn dei vi samanliknar med. Medan Fyresdal brukte 27,1 % av netto driftsutgifter til grunnskule i 2015, er snittet for kommunegruppa 21,8 %, Telemark 22,2 5 og landet 24,1 %. Kommunen vel med andre ord å prioritere skule høgt.

Utgiftene til grunnskule per innbyggjar i målgruppa (6 – 15 år) er litt lågare enn eiga kommunegruppe, men betydeleg høgare enn snittet i fylket og på landsbasis, sjå figur 3. I Fyresdal er 13,2 % av innbyggjarane mellom 6 og 15 år, medan andelen i kommunegruppa er på 10,9 %, i fylket på 11,6 % og landet utan Oslo 12,3 %.



Figur 3 Netto driftsutgifter til grunnskule per innbyggjar 6 - 15 år (SSB)

### 2.3 Læringsresultat

Gjennomsnittlege grunnskulepoeng blir rekna ut ved at ein finn ein gjennomsnittleg karakter basert på alle avsluttande karakterar frå vitnemålet. Denne blir multiplisert med ti. Elevar som ikkje har karakter i halvparten av faga eller meir, er ikkje med i berekinga. Tabellen under syner at Fyresdal nokre år hadde betre resultat enn dei vi samanliknar med, mens dei no ligg noko lågare. Tal før og etter 2014 kan ikkje samanliknast, fordi frå skuleåret 2014/15 inngår valfag i berekinga.

Tabell 1 Gjennomsnittleg grunnskulepoeng (kjelde: Skoleporten Udir og Fyresdal kommune)

	2011-2012	2012-2013	2013-2014	2014-2015	2015-2016
Gimle skule	38,7	41,0	41,1	39,8	39,7
Kommunegr 6	40,3	40,7	40,3	41,0	41,2
Telemark	38,5	38,7	39,1	39,7	40,1
Nasjonalt	39,9	40,0	40,3	40,7	41,1

## 2.4 Forsvarleg system

Kommunen har hatt eit system med lokale tilsyn, der rektor skulle gi ein årleg rapport etter fastsett mal med vurdering av drifta ved skulen. Dette systemet var tenkt å ivareta kravet om forsvarleg system etter opplæringslova § 13-10. Det blei laga ein slik rapport hausten 2013, men ikkje seinare. Kommunalsjefen jobbar no med eit nytt kvalitetssystem for skule. Dette skal ivareta kravet om forsvarleg system. Rektor har ikkje vore involvert i dette arbeidet.

Skulen har mange ulike rutinar og planar, men desse er ikkje lagt inn i eit samla system. Ein har såleis ikkje ei enkel oversikt over det som finnest av rutinar/dokument for skulen. Rektor har ikkje fått oversikt over alt av dokument som den førre rektoren utarbeidde.

Kommunestyret handsama tilstandsrapport for 2015-16 i kommunestyremøte 15.12.16. Tilstandsrapport for 2014-15 blei ikkje handsama i kommunestyret, men hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg fekk rapporten som orienteringssak. I rapporten er det ikkje kommentert på alle resultat, men det er rapportert på resultat i større grad i tilstandsrapporten for 2015-16 enn for 2014-15.

## 3 Undervegsvurdering

*I kva grad sikrar skulen at krava til undervegsvurdering i fag blir følgde?*

---

### 3.1 Revisjonskriterium

Undervegsvurdering i fag er ei vurdering av eleven si kompetanse på mål i læreplanverket. Vurderinga omfattar også informasjon om korleis eleven kan utvikle eigen kompetanse i faget. Undervegsvurdering er all vurdering som skjer undervegs i opplæringa. Når undervegsvurderinga blir brukt til å auke elevane si kompetanse i faget, kallast den *vurdering for læring*.

Det er sett krav til undervegsvurdering i § 3-11 i forskrift til opplæringslova. Undervegsvurdering skal brukast som ein reiskap i læreprosessen, som grunnlag for tilpassa opplæring og den skal bidra til at eleven aukar kompetansen sin i fag. Undervegsvurderinga skal utførast og formidlast systematisk og undervegs i året, og den kan vere både munnleg og skriftleg. Skulen må ha eit forsvarleg system for å dokumentere vurderingsarbeidet, jf. Utdanningsdirektoratet rundskriv 5–2016.

Utdanningsdirektoratet (udir.no) har lagt følgande prinsipp til grunn for undervegsvurdering som fremmar læring:

- Elevane skal forstå kva dei skal lære og kva som er forventa av dei.
- Elevane skal få tilbakemeldingar som fortel dei om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen.
- Elevane skal få råd om korleis dei kan forbetre seg.
- Elevane skal vere involvert i eige læringsarbeid ved mellom anna å vurdere eige arbeid og utvikling.

Elevane har rett til ein samtale med kontaktlæraren minst kvart halvår. Samtalen skal mellom anna handle om eleven si utvikling knytt til kompetansemåla i dei ulike faga. Foreldra har også rett til ein planlagt og strukturert samtale med kontaktlærer minst to gonger i året. Samtalen skal handle om korleis eleven jobbar til dagleg og om eleven si kompetanse i faga. Samtalen skal syne korleis eleven, skulen og foreldra skal samarbeide for å legge til rette for læringa og utviklinga til eleven.

Skulen kan gjennomføre samtalen i samband med halvårsvurdering utan karakter, som alle elevar har rett på, jf. forskrift til opplæringslova § 3-13. Halvårsvurdering utan karakter skal vere munnleg og/eller skriftleg, og skal gjelde alle fag. Det er stor fleksibilitet i korleis halvårsvurdering utan karakter kan gjennomførast og dokumenterast, så lenge eleven sine rettar blir ivaretekne. Halvårsvurderinga skal syne kompetansen til eleven opp mot kompetansemåla i læreplanen for faget. Ho skal også gi rettleiing om korleis eleven kan auke kompetansen sin i faget. Skuleeigar kan fastsette felles krav til dokumentasjon dersom skuleeigar meiner at det er føremålstenleg (udir.no). Frå 8. trinn skal elevane også ha skriftleg halvårsvurdering med karakter. Rektor har ansvar for at faglæraren gjennomfører halvårsvurdering med og utan karakter, jf. forskrift til opplæringslova § 3-13.

Læraren skal i undervegsvurderinga vurdere om eleven har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, jf. forskrift til opplæringslova § 3-11.

Eleven skal delta aktivt i vurderinga av eige arbeid, eigen kompetanse og eiga fagleg utvikling. Eigenvurderinga er ein del av undervegsvurderinga, og formålet er at eleven reflekterer over og blir bevisst på eiga læring, jf. forskrift til opplæringslova § 3-12.

For å svare på problemstillinga har vi desse revisjonskriteria:

- Skulen skal ha eit forsvarleg system for å sikre at elevane får undervegsvurdering.
  - Skulen skal mellom anna ha elevsamtalar, foreldresamtalar og gje halvårsvurdering som omfattar informasjon eleven kompetanse og korleis eleven kan auke kompetansen.
- Undervegsvurderinga skal brukast til å tilpasse opplæringa.

## 3.2 Fakta om skulens arbeid med undervegsvurdering

### **Skulens skriftlege rutinar på undervegsvurdering**

Etter tilsynet med skulen sitt arbeid med å sikre elevane sitt læringsutbytte, utarbeida kommunen våren 2015 ein plan for vurdering. Dette var eit tiltak frå kommunen for å oppfylle pålegget frå fylkesmannen. Planen blei utarbeida kort tid før forskrift til opplæringslova blei endra, då kravet om dokumentasjon av undervegsvurdering blei tatt ut av forskrifta. Endringa i forskrifta blei gjort fordi kravet om dokumentasjon berre hadde ein kontrollfunksjon. Skulen må fortsatt ha eit forsvarleg system for å dokumentere vurderingsarbeidet, jf. rundskriv frå utdanningsdirektoratet 5-2016 Individuell vurdering.

Plan for vurdering for Gimle skule ligg på kommunen si heimeside, men har ikkje blitt implementert fullt ut ved skulen. Dette har fleire årsaker: Planen var ikkje forankra i personalet. Den var utarbeida av ein tidlegare rektor som slutta kort tid etter at planen var utarbeida, samstundes som kravet til dokumentasjon av undervegsvurdering blei tona ned gjennom endringa i forskrift til opplæringslova.

Gjennom intervju har vi fått eintydig informasjon om at planen slik den ligg føre ikkje er gjeldande, men at det likevel er element i planen som blir følgde. Rektor opplyser at dei stort sett følger planen, men at dei ikkje treng å bruke dei vedlegga som er laga i planen. Stegleiarane opplyser at planen ikkje gjeld, men at dei gjer mykje av det som står i den, med unntak av at faglærer ikkje har to samtalar i året i samband med halvårsvurdering, slik planen legg opp til. Det er ulik praksis på oppbevaring av dokumentasjon frå foreldresamtalane. På småsteget har nokre trinn arkivert notat elektronisk i arkivsystemet, slik planen legg opp til. Rektor opplyser at dei no skal få etablert felles praksis på dette. Ein lærar har kommentert i spørjeundersøkinga at dei er blitt einige om at dei ikkje skal bruke plan for vurdering.

Skulen har utarbeida dokumentet *Samarbeid heim/skule/barnehage*, som ligg på kommunen si heimeside. Her er det nedfelt at skulen har ansvar for å gjennomføre minst to samtalar med foreldre i året, der ein ynskjer at elevane er med. Samtalen skal ta utgangspunkt i fagmål og sosialt læringsmiljø og ende opp med ei oppsummering og ei eventuell forpliktande avtale. På ungdomstrinnet har foreldra høve til å snakke med faglærer i basisfaga.

Det er laga ein felles mal for timane ved Gimle skule, som omfattar ein tydeleg plan for timen og mål for læring.

Kommunen har også laga ein plan for spesialundervisning, med felles kartleggingsrutinar for alle elevar og oppfølging av desse. Planen omfattar også rutine for kva lærarane skal gjere viss dei trur at eleven ikkje får tilfredsstillande utbytte av undervisninga. Det er dessutan laga eit årshjul for gjennomføring og oppfølging av dei nasjonale prøvene.

Det er ikkje nokon felles mal eller krav til innhald i årsplanar for fag. Nokre av planane omfattar vurdering, men ingen har med vurderingskriterium. Vurderingskriterium blir utarbeida i skjema for måloppnåing på elevarbeid/tema i ulike fag. Vi har sett slike skjema for ulike skriftlege framstillingar i norsk og munnleg framføring i engelsk. Elevane får også orientering om kriterium for ulike karakterar på heil- og halvårsprøver, mellom anna i engelsk.


### Skulen sin praksis for undervegsvurdering

I intervju har fleire påpeika at den viktigaste undervegsvurderinga skjer i det daglege, med munnlege og skriftlege tilbakemeldingar til den einskilde elev. I småskulen har dei mest munnlege tilbakemeldingar, men på mellom- og ungdomssteget har dei også skriftlege tilbakemeldingar på prøver og innleveringar. Det er vanleg å samle prøver i eigne bøker/mapper som syner utviklinga til eleven.

På småsteget har dei fokus på å drøfte korleis dei kan gi rettleiing til elevane på arbeid med neste mål. Dei meiner at det er like viktig som å gi tilbakemelding på korleis det har gått.

Skulen har som nemnt kartleggingsrutinar, og svara frå lærarane syner at dei blir følgde.


Skulen har for skuleåra 2014/15 - 2016/17 gjennomført elevundersøkinga på 5. – 10. trinn. I 2014/15 er det 89 elevar som har svart på undersøkinga, i 2015/16 er det 96 elevar og i 2016/17 er det 91 elevar. I undersøkinga får elevane mellom anna spørsmål om skulen sitt arbeid med vurdering. Fleirtalet av elevane meiner at lærarane forklarar kva som er måla i mange eller alle faga og kva som vektleggast når skularbeidet blir vurdert. Svarfordelinga på spørsmåla er vist under.



Figur 4 Spørsmål om vurdering og læring, svarfordeling i prosent, elevundersøkinga Gimle skule.<sup>3</sup>

<sup>3</sup> Tal for svaralternativa «i svært få fag» og «ikkje i nokon fag» er skjult grunna få svar i 2015/16 for alle spørsmåla, unntatt spørsmålet om kva eleven må gjere for å bli betre i fag. Det at nokre spørsmål har svar som samla blir under 100 % skuldast at svara er skjult og/eller at nokre elevar ikkje har svart.


Elevane er også spurte om læraren forklarar kva dei må gjere for å bli betre i faga, sjå figur 5. Også her meiner over halvparten at lærarane gjer det i mange eller alle fag, men tala er litt lågare enn på spørsmåla vist i figur 4.



Figur 5 Snakkar lærarane med eg om kva du bør gjere for å bli betre i faga?

Svara frå spørjeundersøkinga til lærarane viser at dei fleste lærarane meiner at dei orienterer elevane om kompetansemål for timen eller veka. Berre to lærarar er litt ueinige i dette. Dei fleste orienterer også elevane om kompetansemåla i læreplanen, men tre er ueinig/litt ueinig i det. Dei fleste lærarane meiner at dei i løpet av eit par veker får gitt alle elevane fagleg tilbakemelding på arbeidet dei gjer og korleis dei kan utvikle eigen kompetanse. Berre tre er litt ueinige.

Godt over halvparten av elevane meiner at dei minst ein gong i veka får tilbakemelding frå lærar som dei kan bruke til å bli betre i faga. Dette er vist i figuren under.




Figur 6 Kor ofte får du tilbakemeldingar frå lærarane som du kan bruke til å bli betre i faga? Elevundersøkinga Gimle skule

Lærarane blei også bedt om å gi døme på korleis dei sikrar fortløpande og systematisk undervegsvurdering i fag. Fire har i kommentarane vist til at dei systematisk sikrar at dei snakkar med alle elevane i løpet av ei veka. Dei fleste har vist til samtale med elevane. Eit anna døme som mange syner til er skriftlege tilbakemeldingar på prøver




eller oppgåver. Ein lærar har kommentert at det blir gitt tilbakemelding halvvegs i halvåret på kva som er bra, innsats og kva elevane kan strekkje seg mot.

I elevundersøkinga er det også spørsmål om involvering av eleven i vurderingsarbeidet. Svarfordelinga er vist i figuren under.



Figur 7 Involvering av eleven i vurderingsarbeidet, svarfordeling i prosent, elevundersøkinga Gimle skule.

Lærarane blei spurt om elevane deltek aktivt i vurdering av eige arbeid. Over halvparten av lærarane har svara at dei er heilt eller litt einig i at elevane deltek aktivt i vurdering av eige arbeid. Svarfordelinga er vist under.



Figur 8 Elevane deltek aktivt i vurdering av eige arbeid. Spørjeundersøking tilsette Gimle skule, svar i tal.

### Halvårsvurdering, elev- og foreldresamtaler


Skulen har etablert praksis for at kontaktlærar gjennomfører minst to elevsamtalar og to samtalar med føresette i året. Halvårsvurdering i fag utan karakter blir gitt i desse samtalanene. I forkant av samtalanene gir faglærar kontaktlærar orientering om eleven sin

ståstad i fag, og skal også gi råd for fagleg utvikling. Den orienteringa som var gitt førre skuleår var ikkje lagra for alle elevane/trinna. For nokre elevar var dette makulert når skuleåret var over. Av den dokumentasjonen vi har gått igjennom ser vi at praksis for å gi framovermelding i elevsamtalar og foreldresamtalar varierer, men alle har omtale av arbeidet/prestasjonane elevane gjer. I kommentarar til fleire elevar var det ikkje omtale av kva dei skal gjere for å bli betre i faget. Der det blei gitt slik omtale, er typiske framovermeldingar at eleven må fortsette som no, at eleven må trene på å lese meir, konkrete skrivetips og råd om å vere meir aktiv i timane og/eller større innsats generelt. For elevane på dei lågare trinna var det mest omtale kva som var bra med det eleven hadde gjort tidlegare, og det var det også i enkeltfag på ungdomssteget.

Gjennom intervju har vi fått informasjon om at lærarane noterer det ein blir einige om i foreldresamtale. Grunna ulik praksis for dokumentasjon av samtalan og oppbevaring av dokumentasjonen, har vi ikkje sett på dokumentasjon av dette.

På småsteget følger lærarane i større grad plan for vurdering enn det som blir gjort på mellom- og ungdomssteget. I tillegg til at fleire lærarar lagrar notat frå faglærarane til samtalan med føresette og eit notat frå samtala, nyttar dei også eit skjema med orientering frå dei ulike faglærarane til heimen i forkant av samtalen. Dette har også ein klasse på ungdomssteget starta med.

Elevane på ungdomssteget blir i elevundersøkinga spurt om læraren har snakka med dei om kva som skal til for å få dei ulike karakterane i halvårsvurderinga i fag. Svara er vist i figur 9.



Figur 9 Veit kva som skal til for å få dei ulike karakterane i halvårsvurdering i fag, svar frå elevundersøkinga i tal.


Fleire av lærarane vi har snakka med trekker fram at det er eit godt og tett samarbeid på stega og at det er ein fordel at skulen er liten, slik at lærarane har tett kontakt. På skulen har dei overgangssamtalar mellom stega for å sikre at informasjon frå mellom anna elev- og foreldresamtalar blir kjent for ny lærar.

## Undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring

Lærarane fekk nokre spørsmål om undervegsvurdering og tilpassa opplæring. Svara frå lærarane syner at dei fleste meiner at dei nyttar undervegsvurdering til tilpassing av opplæringa, men ikkje alle (sjå figur 10).

Lærarane blei også bedt om å gi døme på korleis dei nyttar undervegsvurdering for å tilpasse opplæringa.

Eksempel på døme som er gitt er repetisjon, justert tidsbruk og justerte oppgåver.




Figur 10 Undervegsvurdering og tilpassing av opplæringa, svar frå spørjeundersøkinga til lærarane i tal.

I elevundersøkinga er det nokre spørsmål som seier noko om elevanes oppfatning av om undervisninga blir tilpassa dei. Elevane er spurt om dei får hjelp slik at dei forstår det dei skal lære. Ved siste undersøking var 86 % heilt einige eller litt einige i det.

## Kartleggingsprøver og nasjonale prøver

Både kartleggingsprøver og nasjonale prøver gir læraren grunnlag for vurdering, som kan nyttast i arbeidet med å tilpasse opplæringa. Det er utarbeida materiell som lærarane kan nytte for gi tilpassa opplæring på bakgrunn av resultatata frå prøvene. Lærarane har også svara på spørsmål om arbeid med å følge opp dei nasjonale prøvene og kartleggingsprøvene (figur 11).



Figur 11 Oppfølging av nasjonale prøver og kartleggingsprøver, svar frå lærarar i prosent.

Lærarane har også svart på spørsmål om resultatet frå prøvene blir drøfta både på steget og på skulen samla. Svara syner at det er meir drøfting på steget enn samla på skulen. Lærarane kunne også gi kommentarar på arbeidet med oppfølging av prøvene. Ein lærar har kommentert at det er viktig at kontaktlærer/faglærer tek resultatata av prøvene på alvor og går vidare med elevar som skårar på låge nivå. To har kommentert at det bør jobbast meir med resultatata på tvers av alle trinna. Ein har kommentert at det bør setjast av meir tid til å drøfte resultatata. I ein av kommentarane er det også vist til at dei på skulen burde fylgje betre det årshjulet som er laga for å sikre oppfølging av dei nasjonale prøvene.

### 3.3 Revisor si vurdering av skulens arbeid med undervegsvurdering

#### **Undervegsvurdering – gjennomføring og innhald**

Det er ikkje eintydig kva for rutinar som er gjeldande ved skulen, og våre undersøkingar syner at det er noko ulik praksis. Variasjonar i praksisen gjeld både dokumentasjon av at undervegsvurdering blir gitt og innhaldet i halvårsvurderingane som faglærer gir. Vurderingane som lærarane gir munnleg vil vi berre kunne vurdere ut frå tilbakemeldingane frå elevane og frå lærarane. Svara frå begge gruppene tyder på at det også her er skilnader.

Skulen har ikkje eit system for å sikre undervegsvurdering i tråd med dei krava som gjeld. Kommunen utarbeidar no eit nytt system for ivareta kravet om forsvarleg system. Våre undersøkingar har vist at det er blitt utarbeida ulike rutinar og system tidlegare som ikkje har vore godt nok forankra og ikkje har blitt vidareført. Det er viktig at ein sikrar god forankring av system og rutinar i organisasjonen/skulen, slik at dei blir brukt.

Våre undersøkingar tyder på at skulen sikrar at elevane forstår kva dei skal lære, måla for opplæringa, som er eit av prinsippa for undervegsvurdering som fremmar læring. Dokumentasjonen vi så knytt til halvårsvurdering, omfatta tilbakemeldingar på kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen. Dette tyder på at skulen også sikrar prinsippet om at eleven skal få tilbakemeldingar på kvaliteten på arbeidet. Men svara frå siste elevundersøking syner på at skulen ikkje like godt sikrar at elevane veit kva som om skal til for å få dei ulike karakterane i halvårsvurdering i fag.

Prinsippet om å gi elevane råd om korleis dei kan forbetre seg og at elevane skal være involvert i arbeidet med vurdering, sikrar ikkje skulen godt nok.

Lærarane ved skulen gjennomfører halvårlege samtalar med elev og føresette. Samtalane omfattar også halvårsvurdering utan karakter.

Våre undersøkingar syner at det blir gjort mykje bra arbeid på skulen for å sikre krava til undervegsvurdering, men også at ein ved skulen kan jobbe meir systematisk og sikre deling av god praksis på tvers av stega.

### **Undervegsvurderinga som grunnlag for å tilpasse opplæringa**

Svara frå lærarane tyder på at dei fleste brukar undervegsvurderinga til å tilpasse opplæringa. Ut frå svara som er gitt meiner vi at skulen i større grad kan bruke materiellet som er laga for å følge opp dei nasjonale prøvene, samt sikre god oppfølging av eige årshjul for dette.

## 4 Elevane sitt skulemiljø

*I kva grad sikrar skulen at rutinane for varsling og vedtak knytt til elevanes psykososiale miljø blir følgde?*

---

### 4.1 Revisjonskriterium

Alle elevar i grunnskulen har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring, jf. opplæringslova § 9a-1. Skulen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte elev kan oppleve tryggleik og sosialt tilhøyr. Dersom tilsette får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkande ord eller handlingar, skal vedkommande varsle skuleleiinga og om nødvendig og mogleg sjølv gripe direkte inn. Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, skal skulen snarast mogleg handsame saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova, jf. opplæringslova § 9a-3.

Skulen har ein plan for psykososialt miljø på skulen. I samband med tilsynet som fylkesmannen hadde i 2015 på elevane sitt psykososiale miljø, blei prosedyrane i skulen sin plan justert, slik at dei skal vere i tråd med lovkrava. Planen omfattar både skuleeigars og skulens rutinar på området.

Planen inneheld ein handlingsplan for kva som skal gjerast når krenkande åtferd blir oppdaga. Det er også laga ein prosedyre for handtering av oppmoding frå elev eller føresett etter opplæringslova kap. 9A og eit meldeskjema som kan nyttast for å varsle om krenkjande ord og handlingar. I tillegg er det laga ein mal for enkeltvedtak, forslag til klage på vedtak som føresette kan nytte, prosedyre for korleis skulen skal handtere varslingar og prosedyre for å ivareta handlingsplikta som kommunen har etter opplæringslova kap. 9a.

I planen er det lagt til grunn at rektor skal fatte enkeltvedtak når det er oppdaga eller meldt brot på § 9a-1.<sup>4</sup> Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, skal skulen ifølge opplæringslova § 9a-3 snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Eit enkeltvedtak skal være skriftleg, jf. forvaltningslova § 23. Forvaltningsorganet skal grunngi vedtaket så fram

---

<sup>4</sup> § 9a-1: Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.

det ikkje er grunn til å tru at nokon part vil være misnøgd med vedtaket, jf. forvaltningslova § 24. Partane skal få melding om vedtaket så snart som mogleg. I meldinga om vedtaket skal kommunen mellom anna opplyse om klagerett, klagefrist, klageinstans og framgangsmåten ved klage, jf. forvaltningslova § 27.

I tilsynet fann fylkesmannen at kommunen ikkje sikra at det vart gitt naudsynte opplysningar knytt til klage. Kommunen har difor utarbeida ein ny mal for vedtak som var gjeldande frå september 2015. Dei nye prosedyrane og malen gjorde at fylkesmannen avslutta tilsynet.


Revisjonskriteria tek utgangspunkt i forvaltningslova sine krav til sakshandsaming og skulen sine egne prosedyrar. Vi har følgjande revisjonskriterium:

- Dei tilsette ved skulen skal kjenne til og følge opp prosedyre for å varsle og handtere oppmoding frå elev eller føreset etter opplæringslova kap. 9A.
- Skulen skal i tråd med eigen rutine fatte enkeltvedtak og underrette om vedtaket. Underretninga skal innehalde:
  - grunngjeving for vedtaket
  - opplysningar om rettar knytt til klage på vedtaket.

## 4.2 Fakta om skulens arbeid med elevanes skulemiljø

### Kjennskap til og oppfølging av plan for psykososialt miljø


Dei tilsette opplyser at dei er kjende med kva dei skal gjere om dei oppdagar krenkande åtferd/mobbing eller elevar/føresette opplyser om dette, sjå figur 12.



Figur 12 Skulens arbeid med å sikre elevanes psykososiale miljø, svar frå dei tilsette i tal.

I planen er det nedfelt at dei tilsette skal fylle ut meldeskjema ved mistanke om at ein elev blir krenka/mobba, og informere rektor om dette. Spørjeundersøkinga syner at dette i liten grad blir gjort. Det er vanleg å melde frå munnleg, sjå figur 12. Dei vi har intervjuja påpeikar at skulen er liten og at det er tett kontakt mellom tilsette og leiinga ved skulen.

Dei tilsette meiner også i hovudsak at planen er kjend og at den blir følgd opp slik det er føresett, men svara er som vist i figur 13 ikkje like eintydige som svara i figur 12.



Figur 13 Skulens arbeid med å sikre elevanes psykososiale miljø, svar frå dei tilsette i tal.

I spørjeundersøkinga er dei tilsette bedne om å gi døme på saker dei kan handtere sjølv. Døma mange gir er mindre hendingar/enkeltepisodar. Dersom det er hendingar som skjer fleire gonger eller meir alvorlege hendingar, melder dei det vidare.

Rektor ønsker at dei tilsette nyttar meldeskjema, men ikkje der det ikkje er konkrete saker. I saker der det er ei generell uro for ei elevgruppe og det ikkje er noko tydeleg «offer» eller «gjerningsperson» brukar ein ikkje skjema.

Det har ikkje blitt nytta meldeskjema førre skuleår eller hausten 2016.

I spørjeundersøkinga blei dei tilsette spurt om dei hadde erfaring med oppfølging av meldingar om/misstanke om at elevanes skulemiljø ikkje blir ivareteke. Det var 10 som svara at dei hadde slik erfaring. Ein av dei er litt ueinig i at skulen har følgt opp meldingane på ein god måte. Det er 20 som opplyser at dei har meldt frå om krenkande åtfærd eller mobbing dette skuleåret eller dei to føregåande åra.

Rektor opplyser at plan for elevane sitt psykososiale miljø har eksistert i mange år, men at den blei revidert i 2015 og var gjeldande frå hausten 2015. Revideringa var eit



tiltak for å møte pålegget frå fylkesmannen og slik sett få avslutta tilsynet. Gjeldande plan skal den evaluerast årleg, og ein skal ha ein gjennomgang av planen med personalet ved skulestart. Planen blei presentert i personalmøte våren 2016, og det blei minna om rutinane ved skulestart hausten 2016. Vi har fått informasjon om at planen ikkje er gått gjennom godt nok i samla personalgruppe. Det er tilsette, mellom anna assistentar, som ikkje er med på alle personalmøta. Rektor opplyser at planen skal evaluerast våren 2017.

I planen er det vist til ulike tiltak som skulen har for å sikre elevane sitt psykososiale miljø. Det skal mellom anna gjerast ei lokal trivselsundersøking to gonger i året, samt at resultatane frå den nasjonale elevundersøkinga skal drøftast årleg med dei tilsette, elevrådet og foreldrerådet og utvala ved skulen. Skulen skal også ha årlege overgangssamtaler mellom stega og mellom skule og barnehage.

### **Vedtak**

Det er fatta tre vedtak etter at den nye malen blei tatt i bruk hausten 2015. Ifølgje skulens rutine på området skal rektor fatte enkeltvedtak når det er oppdaga eller meldt brot på opplæringslova § 9a-1. Lovkravet på området er at skulen skal fatte enkeltvedtak når ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det fysiske eller psykososiale miljøet, jf. opplæringslova § 9a-2 og 9a-3.<sup>5</sup> To vedtak blei fatta i skuleåret 2015/16 og eit hausten 2016. Alle tre var saker som blei meldt frå om/varsla av elev/føresett. Ut frå informasjonen vi har fått er det ikkje kome andre skriftlege meldingar i den perioden.

Gjennomgangen av dei tre vedtaka syner at den nye malen er teken i bruk. I to av sakene blei det vedtatt tiltak, mens i den tredje saka fann ikkje skulen det tenleg å fatte vedtak om tiltak. I ein sak kom det fram at ein elev hadde følt seg mobba over tid utan at dette var kjent for skulen. Alle vedtake er grunngjeve. Skulen har i alle vedtaka nytta malen ordrett når det er orientert om rettar knytt til klage, utan å tilpasse teksten til den konkrete saka. Særleg gjeld dette informasjon om rett til dokumentinnsyn, der skulen i vedtaka skriv – «*Dersom du allereie har fått alle dokumenta i saka, skal skulen opplyse om det*», utan at det faktisk er opplyst i vedtaket.

---

<sup>5</sup> Krav om enkeltvedtak gjeld også dersom eit av råda eller utvala der elevar eller forelder er representert ber om vedtak for å sikre elevane sitt fysiske miljø.

### 4.3 Revisor si vurdering av skulens arbeid med elevanes skulemiljø

#### **Kjennskap til og oppfølging av plan for psykososialt miljø på Gimle skule**

Ut frå informasjonen vi har samla inn meiner vi å ha grunnlag for å seie at planen er kjend blant mange av dei tilsette ved skulen, men at det også er ein del som ikkje godt nok kjend med planen. Delar av planen blir ikkje følgd opp. Det gjeld mellom anna bruk av meldeskjema ved mistanke om at elevar blir utsette for krenkande åtferd.

Skulen bør også sikre i større grad at planen blir tatt opp på foreldremøte, slik at nye føresette får kjennskap til planen.

Det er spesielt viktig at skulen handlar raskt og i tråd med dei krava som er sett når skulen får meldingar frå elevar/føresette om krenkande åtferd. Skulen bør sjå nærmare på om ein handsamar slike meldingar raskt nok, sjølv om det berre er nokre få personar som har svara dette.

Svara som gitt i spørjeundersøkinga tydar på at dei tilsette har ein relativt lik forståing av kva for saker dei kan handtere sjølv og kva dei må gå vidare med, og at forståinga er i tråd med det som er nedfelt i planen.

#### **Vedtak**

I dei vedtaka vi har undersøkt er skulens rutinar følgde. Dei tilsette nyttar i liten grad meldeskjema slik det er lagt opp til i planen. Det gir ein risiko for at det er saker som ikkje blir handtert slik dei skal. Manglande dokumentasjon av meldingar gjer også at det er vanskeleg å vurdere skulens handtering av ei sak i etterkant.

Forskjell i talet på vedtak og talet på lærarar som har meldt frå kan tyde på at skulen ikkje fattar vedtak i alle saker der lærar melder frå om brot på elevens rett til eit godt skulemiljø. I slike saker er skulen forplikta til å handle og sette i verk tiltak, men må ikkje fatte vedtak.<sup>6</sup> Vi meiner skulen kan vurdere om dei vil justere planen slik at den ikkje legg opp til at det skal fattas vedtak i fleire saker enn det lova krev.

Skulen bør også sikre ein meir tilpassa bruk av informasjon frå vedtaksmalen når det gjeld informasjon om rettar knytt til klage. Til dømes kan det konkret opplysast om den som mottar melding om vedtak alt har fått dokumenta i saka eller ikkje.

---

<sup>6</sup> Det skal treffast vedtak dersom tiltaka inneber innskrenking av andre elevar sine rettar. I slike saker vil den andre eleven vere part med rett til varsel, uttale og rett til å klage på tiltaka skulen gjer.

## 5 Lærarar og assistentar ved Gimle skule

### 5.1 Kompetanse

*Kva for kompetanse har dei fast tilsette og vikarar som skulen nyttar til undervisning?*

Gimle skule har ein rektor og tre stegleiarar som samla har 1,9 årsverk til administrasjon. Stegleiarane har undervisning i tillegg til dei administrative oppgåvene. Utanom stegleiarane, har skulen no 27 lærarar og 11 assistentar, inklusiv dei som jobbar på skulefritidsordninga (SFO). Blant lærarane er dei fleste adjunktar, som betyr at dei har minimum fire års utdanning frå høgskule/universitet, medan seks er lektorar som har minimum fem års utdanning. Skulen har to lærarar utan godkjend utdanning.<sup>7</sup>

Andelen undervisningstimar gitt av personale med godkjend utdanning er vist i tabell 2. Ved rapporteringstidspunkt hausten 2015 hadde skulen ein lågare del av undervisningstimane som blei gitt av lærar med godkjend utdanning enn tidlegare år. Dette skyldtest fleire midlertidige tilsettingar.<sup>8</sup> Talet på årstimar gitt av personalet utan godkjend utdanning blei redusert kort tid etter rapporteringstidspunktet hausten 2015.

Tabell 2 Del av årstimane til undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjend utdanning

	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16	2016-17
<b>Fyresdal</b>	95,8	96,7	96,5	75,0	94,4
<b>Telemark</b>	98,4	98,2	98,2	97,4	97,4
<b>Landet</b>	96,6	97,0	97,0	96,4	95,5

Kilde: Skoleporten, udir.no

Frå 1. august 2015 gjeld nye krav til fagutdanning ved tilsetjing av lærarar.<sup>9</sup> For å undervise i kjernefaga norsk, engelsk og matematikk i 1. – 7. trinn må ein ha 30

<sup>7</sup> Begge har utdanning på høgskulenivå, ein innan helse og ein innan barnehage, som er tatt i utlandet.

<sup>8</sup> Mellom anna måtte skulen nytte ein assistent som vikar i nokre fag fordi rektor fungerte midlertidig i stillinga som kommunalsjef og ein lærar vikarierte som rektor.

<sup>9</sup> Kompetansekravet gjeld ikkje før 01.08.25 for den som har fullført allmennlærerutdanninga og den som før 01.01.14 oppfylte krava for tilsetjing i undervisningsstilling.

studiepoeng i faga og på 8. – 10. trinn må ein ha 60 studiepoeng. For dei andre faga i 1. – 7. trinn er det ikkje spesifikk fagkompetanse utanom dei generelle krava for å vere lærar, mens for ungdomstrinnet skal læraren ha minst 30 studiepoeng i det faget som ho/han underviser i, unntatt i valfag, utdanningsval og arbeidslivsfag.<sup>10</sup> Krava gjeld ikkje lærarar som blei tilsett før 1. august 2015. Då krava blei innført var det eit mål at krava om kompetanse i kjernefaga skulle gjelde alle lærarar frå 2025. Gimle skule har allereie lærarar som har kompetanse i tråd med desse krava. Dessutan har skulen lærarar som dette året tek etterutdanning i norsk og engelsk.

For skuleåret 2016/17 på 1. – 7. trinn er det seks lærarar som underviser i matematikk, fem i norsk og ein i engelsk som har minimum 30 studiepoeng i dei faga dei underviser i. Fleire av disse har også kompetanse til å undervise på ungdomssteget. For ungdomssteget dette skuleåret er det ingen av lærarane som underviser i norsk eller engelsk som har 60 studiepoeng i faga, medan ein lærar har det i matematikk. Skulen har lærarar med fagkompetanse som er i permisjon og lærarar som har kompetanse til å undervise i fag som dei ikkje har dette året. Blant dei tre kjernefaga er det særleg i engelsk at skulen har utfordringar.

Skulen har fleire lærarar som oppfyller krava i andre fag på ungdomssteget. Totalt har skulen åtte lærarar som oppfyller krava i naturfag, fire i samfunnsfag, fire i kroppsøving, sju i KRLE (kristendom, religion, livssyn og etikk), tre i musikk og tre i kunst og handverk. Nokre av desse lærarane jobbar på ungdomssteget, mens andre er på dei andre stega. Dette skuleåret er det lærar som underviser i andre fag enn kjernefaga på ungdomssteget, utan at dei har den fagkompetansen som nye lærarar må ha.

Skulen har ni assistentar som jobbar på skulen, i tillegg til to som berre jobbar på SFO. Sju av dei ni har fagutdanning, men berre fire har utdanning som barne- og ungdomsarbeidar.

Til vikarar for kortare periodar nyttar skulen både tilsette lærarar og assistentar eller tilkallingsvikarar. Dette skuleåret har skulen tre tilkallingsvikarar utan formell kompetanse.<sup>11</sup> Førre skuleår hadde dei tilkallingsvikar med pedagogisk utdanning.

---

<sup>10</sup> Krava om 30 studiepoeng gjeld ikkje dei som hadde tilfredsstillande kompetanse etter krava som gjaldt før 01.01.14 eller har fullført tidlegare allmennlærerutdanning, jf. forskrift til opplæringslova § 14-3.

<sup>11</sup> Tilkallingsvikarane har fullført vidaregåande skule.

## 5.2 Bruk av assistentar ved Gimle skule

### *Korleis brukar skulen assistentar i undervisninga?*

Vi ser her på bruk av assistentar i undervisninga og ikkje på SFO. Dei ni assistentane utgjer til saman 5,35 årsverk. Fyresdal brukar assistentar i mykje større grad enn det som gjerast i fylket og på landsbasis. Dette er vist i tabellen under.

Tabell 3 Tal på elevar per assistentårsverk i undervisninga (Skoleporten, Udir)

	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16	2016-17
<b>Fyresdal</b>	53,8	53,0	49,4	32,0	42,4
<b>Telemark</b>	88,8	89,3	91,5	89,7	84,1
<b>Landet</b>	75,9	75,2	76,4	75,1	72

I tillegg brukast assistentar som vikarar og ekstrahjelp. I 2015 brukte kommunen ca. 230 000 kr til ekstrahjelp og 650 000 kr til vikarar. I 2016 var det ca. 690 000 kr til ekstra hjelp og ca. 670 000 kr til vikarar. Dette omfattar lærar, assistentar og innleidde.

Oppgåvene som er lagt til assistentfunksjonen i undervisninga er skriftleggjort. Assistenten skal hjelpe eleven/elevane ved start og slutt av timen, slik at elevane har det utstyret dei treng og har fått med seg beskjedar som er gitt. I timen skal assistenten støtte og hjelpe eleven til å følge med på undervisning og instruksar frå læraren. Assistenten kan gjennomføre opplegg frå læraren i grupper eller individuelt. Vi har fått opplyst at dette ikkje skjer over lengre tid, men at læraren har elevane jamleg sjølv og dermed kan gi den undervegsvurderinga som dei er forplikta til å gi.

Dei fleste klassene har to eller fleire vaksne fast i timane. I mange klasser er det to lærarar, men det er også klasser som har ein lærar og ein assistent fast, mellom anna på ungdomssteget. I tillegg er det fleire elevar som har ein assistent med eit spesielt ansvar for den einskilde elev, mellom anna elevar som har vedtak om dette.

Svara frå faglærarane syner at assistentane anten er med i timen og hjelper til, eller har mindre grupper/enkeltelevar der faglærar har laga opplegget. To av assistentane opplyser at ho/han utarbeidar undervisningsopplegg for enkeltelevar, men i samarbeid med spesialpedagog eller kontaktlærar og ut frå den individuelle opplæringsplanen.

For skuleåret 2016-17 opplyser skulen at PPT (pedagogisk-psykologisk teneste) har tilrådd nærmare 1 800 timar spesifisert på assistent, samt timar til tre elevar som ikkje er spesifisert.

## 6 Konklusjonar og tilrådingar

### 6.1 Konklusjonar og oppsummering

#### **I kva grad sikrar skulen at krava til undervegsvurdering i fag blir følgde?**

Skulen har ikkje et godt nok system for å sikre at krava til undervegsvurdering i fag blir følgde. Det blir gjennomført både elev- og foreldresamtalar, og skulen gir halvårsvurderingar. Skulen bør likevel sikre betre at elevane får framovermelding (retteleing i korleis dei kan bli betre i faga). Skulen bør også sikre betre at elevane er involvert i arbeidet med vurdering. Sjølv om det blir gjort mykje bra arbeid for å sikre krava til undervegsvurdering i fag, sikrar skulen berre delvis at krava blir følgde.

#### **Følger skulen rutinane for varsling og vedtak knytt til elevane sitt psykososiale miljø?**

Skulen følger til ei viss grad rutinane for varsling, men nyttar ikkje skriftleg meldeskjema og bør sikre betre informasjon til nye føresette. Skulen bør også sikre at alle tilsette kjenner rutinane for varsling godt.

Skulen nyttar malane for vedtak som er utarbeida, men bør tilpasse informasjonen betre til kvar sak. Skulen sin rutine for vedtak krev at skulen treff vedtak oftare enn lova krev. Skulen har truleg ikkje følgd denne rutinen, men har fatta vedtak slik lova krev.

#### **Kva for kompetanse har dei fast tilsette og vikarar skulen nyttar til undervisning?**

Skulen har mange fast tilsette med høg kompetanse, men har førebels ikkje nok lærarar til å ivareta framtidige krav om fagkompetanse i faga engelsk, norsk og matematikk. Skulen har lærarar som er i gang med etterutdanning og kan også ivareta krava betre ved å flytte om på nokre lærarar. Skulen har to lærarar utan godkjend utdanning.

#### **Korleis er skulens bruk av assistentar i undervisninga?**

Gimle skule har god dekning av vaksne i undervisninga gjennom bruk av assistentar. Assistentane hjelper til i klasserommet og har undervisning av enkeltelevar eller grupper etter opplegg frå lærar eller opplegg som er laga i samarbeid med lærar.

## 6.2 Tilrådingar

Vi meiner at kommunen bør:

- Sikre at planar som ligg på nettsida er oppdaterte og gjeldande.
- Utarbeide rutinar for undervegsvurdering, som sikrar at vurderinga omfattar råd til elevane om korleis dei kan forbetre seg og at lærarane involverer elevane i vurderingsarbeidet.
- Sikre at skulen sin plan for elevane sitt psykososiale miljø er kjent og blir følgd opp.
- Vurdere om rutinane knytt til vedtak etter opplæringslova § 9a bør justerast.
- Sikre at det blir gitt tilpassa informasjon i enkeltvedtak om rettar knytt til klage.

# Litteratur og kjeldereferansar

## Lover og forskrifter:

- Lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven).
- Forskrift 15. juni 1994 nr. 905 om revisjon i kommuner og fylkeskommuner mv.
- Lov 1998-07-17 nr 16 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)
- Forskrift 23. juni 2006 nr. 724 til opplæringslova

## Offentlege dokument:

- Ot.prp. nr. 55 (2003-2004) om lov om endringar i opplæringslova
- Utdanningsdirektoratet rundskriv 5-2016: Individuell vurdering
- Utdanningsdirektoratet: Hva er underveisvurdering

## Tabelloversikt

Tabell 1 Gjennomsnittleg grunnskulepoeng .....	5
Tabell 2 Del av årstimane til undervisning gitt av personale med godkjend utdanning 22	
Tabell 3 Tal på elevar per assistentårsverk i undervisninga .....	24

## Figuroversikt

Figur 1 Gjennomsnittleg tal på elevar per lærar 1. - 10. trinn .....	4
Figur 2 Tal på elevar per assistentårsverk i undervisninga .....	4
Figur 3 Netto driftsutgifter til grunnskule per innbyggjar 6 - 15 år.....	5
Figur 4 Spørsmål om vurdering og læring .....	10
Figur 5 Snakkar lærarane med eg om kva du bør gjere for å bli betre i faga? .....	11
Figur 6 Tilbakemeldingar frå lærarane som du kan bruke til å bli betre i faga .....	11
Figur 7 Involvering av eleven i vurderingsarbeidet. ....	12
Figur 8 Elevane deltek aktivt i vurdering av eige arbeid .....	12
Figur 9 Veit kva som skal til for å få dei ulike karakterane i halvårsvurdering i fag.....	13
Figur 10 Undervegsvurdering og tilpassing av opplæringa .....	14
Figur 11 Oppfølging av nasjonale prøver og kartleggingsprøver .....	14
Figur 12 Skulens arbeid med å sikre elevanes psykososiale miljø .....	18
Figur 13 Skulens arbeid med å sikre elevanes psykososiale miljø .....	19



# Vedlegg

Vedlegg 1: Metode og kvalitetssikring

Vedlegg 2: Svarfordeling



# Vedlegg 1: Metode og kvalitetssikring

## Den praktiske gjennomføringa

Forvaltningsrevisjonen starta med brev om oppstart til Fyresdal kommune 06.10.16 og oppstartsmøte 10.11.16.

Vi har intervjuet kommunalsjef på oppvekst, rektor, stegleiarane og plasstillitsvalt for utdanningsforbundet og fagforbundet ved skulen. Vi har også gått gjennom dokumentasjon i samband med elev- og foreldresamtale/halvårsvurdering utan karakter i fag på fem trinn. Vi har sett på dokumentasjon for til saman 25 tilfeldig valde elevar frå skuleåret 2015/16. Grunna ulik praksis på oppbevaring av dokumentasjonen, har vi ikkje fått dokumentasjon på halvårsvurdering i alle fag på alle trinn. Vi har dessutan sett på årsplanar i to utvalde fag på mellomsteget og ungdomssteget. På småsteget omfatta ikkje årsplanane omtale av vurdering, derfor har vi ikkje sett på dei.

Intervjua var delvis strukturerte. At dei er delvis strukturerte betyr at vi har utarbeida ein intervjuguide for å sikre felles ramme for intervjua, men at det samstundes er mogleg med oppfølgingsspørsmål. Dessutan har vi tatt med spørsmål som gjeld spesielt for dei ulike vi har intervjuet. I etterkant av intervjua er det utarbeida referat som er sendt dei som er intervjuet til verifisering.

Vi har nytta resultat frå elevundersøkinga som skulen gjennomfører for 5. – 10. trinn for skuleåra 2014/15 og 2015/16. Dessutan har vi gjennomgått resultat frå foreldreundersøkinga som blei gjennomført skuleåret 2014/15.

Vi har i tillegg gått gjennom skulens rutinar og planar på området, kommunens årsmelding og tilstandsrapport.

## Spørjeundersøking

Vi har sendt ut ei spørjeundersøking til 39 lærarar og assistentar ved skulen. Undersøkinga omfatta ikkje rektor. Det er sendt to påminningar for å auke svarprosenten. Det er 30 som har svart på undersøkinga, ein svarprosent på 79.

## Påliteleg og relevant

Forvaltningsrevisjon skal gjennomførast på ein måte som sikrar at innhaldet i rapporten er gyldig og påliteleg. Data som er samla inn skal være relevante for dei

forholda som problemstillingane skal avklare og innsamlinga skal skje så nøyaktig som mogleg (data skal være pålitelege).

Vi har fleire tiltak for å sikre at dataene er relevante og pålitelege. Det er utarbeida intervjuguidar, som både sikrar at vi får spurt om det som er relevant for revisjonen og at dei same tema blir belyst av dei vi snakkar med. Dei som er intervjua er sentrale for tema for revisjonen.

Vi har nytta triangulering av data og metode, som betyr at vi har henta data frå fleire kjelder og brukt ulike metodar; intervju, spørjeundersøking og dokumentgjennomgang. Vi har etterspurt same informasjon frå fleire tilsette og nytta ulike skriftlege kjelder. Når det er samsvar i data frå ulike kjelder og samla inn ved bruk av ulike metodar, styrker dette funna vi har gjort.

#### **God kommunal revisjonsskikk - kvalitetssikring**

#### **God kommunal revisjonsskikk - kvalitetssikring**

Forvaltningsrevisjon skal gjennomførast og rapporterast i samsvar med god kommunal revisjonsskikk og etablerte og anerkjente standardar på området, jf. forskrift om revisjon § 7. Forvaltningsrevisjonen er gjennomført i samsvar med RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon<sup>12</sup>.

I følge RSK 001 skal forvaltningsrevisjon kvalitetssikrast, for at undersøkinga og rapporten skal ha naudsynt fagleg og metodisk kvalitet. Vidare skal det sikrast at det er konsistens mellom bestilling, problemstillingar, revisjonskriterium, data, vurderingar og konklusjonar.

Telemark kommunerevisjon IKS har utarbeidd eit system for kvalitetskontroll som er i samsvar med den internasjonale standarden for kvalitetskontroll – *ISQC 1 Kvalitetskontroll for revisjonsfirmaer som utfører revisjon og begrenset revisjon av regnskaper samt andre attestasjonsoppdrag og beslektede tjenester.*

Denne forvaltningsrevisjonen er kvalitetssikra i samsvar med krava i RSK 001 og vårt kvalitetskontrollsystem.

---

<sup>12</sup> Gjeldande RSK 001 er fastsett av Norges Kommunerevisorforbund sitt styre med verknad frå 1 februar 2011, og er gjeldande som god kommunal revisjonsskikk. Standarden bygger på norsk regelverk og internasjonale prinsipp og standardar som er fastsett av International Organization of Supreme Audit Institutions (INTOSAI) og Institute of Internal Auditors (IIA).

## Vedlegg 2: Svarfordeling spørjeundersøking

Nedanfor er spørsmål og svar på undersøkinga vist, men ikkje svar gitt på opne spørsmål (kommentarar ol.).

### Kva for trinn arbeider du på? (Fleire svar mogleg)

Name	Count	Percent	Average
1 - 4 trinn	15	50,0%	
5 - 7 trinn	13	43,3%	
8 - 10 trinn	13	43,3%	
N	30		1,95

### Kva for stilling/rolle har du? (Fleire svar mogleg)

Name	Count	Percent	Average
Kontaktlærer	13	43,3%	
Spesialpedagog	3	10,0%	
Faglærer	13	43,3%	
Assistent	6	20,0%	
Anna	9	30,0%	
N	30		2,34

### Kor lenge har du arbeida ved Gimle skule?

Name	Count	Percent	Average
Under eit år	1	3,3%	
Eit til tre år	3	10,0%	
Meir enn tre år	26	86,7%	
N	30		2,83

I timane du er faglærer - kva for oppgåver har assistentane i timane?

I timane du har ansvar for spesialundervisning - vil assistentar utføre nokre av oppgåvene?

Kva for oppgåver har du som assistent i undervisninga?

## Undervegsvurdering.

Nedanfor er det nokre påstandar om undervegsvurdering. Svar på ein skala frå 1 - 4, der 1 er ueinig, 2 er litt ueinig, 3 er litt einig og 4 er einig.

	Ueinig 1	2	3	Einig 4	Veit ikkje	Ikkje aktuelt	Aver age	N
Skulen har gode rutinar som sikrar undervegsvurdering.	1	3	10	10	0	0	3,21	24
Eg meiner at vi som skule sikrar at elevane får undervegsvurdering i tråd med krava som er satt.	1	3	10	10	0	0	3,21	24
Arbeidet eg gjer med undervegsvurdering blir følgd opp av min nærmaste leiar.	1	4	8	8	2	1	3,10	24
På skulen drøftar vi korleis ein kan gje god undervegsvurdering.	1	4	9	10	0	0	3,17	24
På skulen drøftar vi korleis undervegsvurdering kan nyttast til å tilpasse opplæringa.	1	6	8	8	1	0	3,00	24
På trinnet eg arbeider, justerer me planane for undervisninga ut frå vurderinga av elevane undervegs i skuleåret.	1	6	5	12	0	0	3,17	24
	Ueinig 1	2	3	Einig 4	Ikkje aktuelt	Aver age	N	
Eg orientere elevane om kompetansemål for timen/veka.	0	2	13	9	0	3,29	24	
Eg orienterer elevane om kompetansemåla i læreplanen.	1	2	14	6	1	3,09	24	
I løpet av ein periode på eit par veker, får eg gitt alle elevane tilbakemelding på det faglege arbeidet dei gjer. (Alle elevane omfattar elevar i klassar du underviser.)	0	3	12	9	0	3,25	24	
I løpet av ein periode på eit par veker, får eg gitt rettleiing i korleis alle elevane eg underviser kan utvikle kompetansen sin i faget.	0	3	12	9	0	3,25	24	
Eg gir alle elevane fortløpande og systematisk undervegsvurdering.	0	3	11	10	0	3,29	24	
Eg forklarar kvar elev grunnlaget for vurdering i faga eg har dei i.	0	3	14	6	1	3,13	24	
Elevane deltek aktivt i vurdering av eget arbeid.	0	11	11	2	0	2,63	24	
Eg gjennomfører halvårlege elevsamtaler.	1	1	3	17	2	3,64	24	
I halvårsvurderinga gir eg rettleiing i korleis eleven skal bli betre i faget.	0	1	4	18	1	3,74	24	
Eg justerer årsplanane ut frå vurderinga av elevane undervegs i skuleåret.	0	6	8	10	0	3,17	24	
Eg nyttar undervegsvurdering til tilpassing av opplæringa.	0	2	12	10	0	3,33	24	

### Nasjonale kartleggingsprøver.

Nedanfor er det nokre påstandar om kartleggingsprøver. Du skal svare på ein skala frå 1 - 4, der 1 er ueinig, 2 er litt ueinig, 3 er litt einig og 4 er einig.

	Ueinig 1	2	3	Einig 4	Veit ikkje	Aver age	N
Resultat frå kartleggingsprøvene skuleåret 2015/16 blei drøfta på trinnet/steget.	0	1	0	7	2	3,75	10
Resultat frå kartleggingsprøvene skuleåret 2015/16 blei drøfta på skulen (med alle lærarane på skulen).	2	0	1	5	2	3,13	10
Eg brukar rettleiingsmaterieill frå Udir for å følge opp resultatata frå kartleggingsprøvene.	1	2	5	2	0	2,80	10
Eg brukar resultat frå kartleggingsprøvene til å tilpasse opplæringa.	1	1	3	5	0	3,20	10
Resultata frå dei nasjonale kartleggingsprøvene gir lite ny informasjon om kompetansen til elevane.	1	1	7	1	0	2,80	10
Vi gjer andre kartleggingar her på skulen som eg brukar for å tilpasse opplæringa.	1	1	3	4	1	3,11	10

### Nasjonale prøver.

Nedanfor er det nokre påstandar om dei nasjonale prøvene. Du skal svare på ein skala frå 1 - 4, der 1 er ueinig, 2 er litt ueinig, 3 er litt einig og 4 er einig.

	Ueinig 1	2	3	Einig 4	Veit ikkje	Aver age	N
Resultat frå dei nasjonale prøvene er drøfta på steget.	1	2	4	11	4	3,39	22
Resultat frå dei nasjonale prøvene er drøfta på skulen (med alle lærarane).	2	2	3	14	1	3,38	22
Eg brukar materialet som er utarbeida for å følge opp dei nasjonale prøvene.	1	7	8	4	2	2,75	22
Eg brukar resultatata frå dei nasjonale prøvene i planlegging av undervisninga.	1	5	11	4	1	2,86	22
Resultata frå dei nasjonale prøvene gir ikkje ny informasjon om kompetansen til elevane.	1	3	15	2	1	2,86	22
Eg brukar andre prøver/kartleggingar som grunnlag for å tilpasse opplæringa.	1	0	11	9	1	3,33	22

**Kva for lokale prøver/kartleggingar brukar du i arbeidet med å tilpasse opplæringa som gis?**

**Har du kommentarar til arbeid med oppfølging av kartleggingsprøver og/eller nasjonale prøver, kan du ta dei her**

**Skulens arbeid med å sikre elevanes psykososiale miljø.**

	Ueinig 1	2	3	Einig 4	Veit ikkje	Average	N
Eg er kjend med Gimle skule sine rutinar for å sikre elevanes psykososiale miljø.	0	0	1	29	0	3,97	30
Skulen sin plan for psykososialt miljø blir evaluert årleg i personalmøte.	1	2	9	14	4	3,38	30
Resultat frå elevundersøkinga på det psykososiale miljøet, takast opp i personalgruppa årleg.	0	0	4	24	2	3,86	30
Eg er kjend med kva eg skal gjere om eg oppdagar krenkande åtferd/mobbing.	0	0	0	30	0	4,00	30
Eg meiner at personalet har ein felles forståing av kva som reknast som krenkande ord eller handlingar.	0	4	8	18	0	3,47	30
Eg meiner personalet har ein felles forståing av kva vi kan handtere sjølv og kva som skal meldast vidare.	0	3	9	18	0	3,50	30
Eg varslar rektor eller ansvarleg representant for leiinga om eg oppdagar/mistenker at elevar blir utsett for krenkande ord eller handlingar.	0	0	1	29	0	3,97	30
Eg varslar kontaktlærar om eg oppdagar/mistenker at elevar blir utsett for krenkande åtferd.	0	0	0	30	0	4,00	30
Eg er kjend med kva eg skal gjere om elevar eller føresette fortel at nokon blir plaga.	0	0	2	28	0	3,93	30
Eg meiner at skulen raskt handsamar meldingar frå elevar eller føresette om at nokon blir plaga.	0	2	8	20	0	3,60	30
Eg nyttar vanlegvis ikkje meldeskjema, men melder frå munnleg om krenkande åtferd eller mobbing.	1	3	6	19	1	3,48	30

**Gi døme på saker du kan handtere sjølv, utan å gå vidare til skuleleiinga.**

**Har du erfaring med skulens oppfølging av meldingar om/misstanke om at elevanes skulemiljø ikkje blir ivareteke?**

Name	Count	Percent	Average
Ja	10	33,3%	
Nei	20	66,7%	
N	30		1,67



**Eg meiner skulen har følgd opp meldingane eg er kjend med på ein god måte.**

Name	Count	Percent	Average
1 Ueinig	0	0,0%	
2 Litt uenig	1	10,0%	
3 Litt einig	3	30,0%	
4 Einig	6	60,0%	
N	10		3,50

**Har du meld frå om krenkande åtferd eller mobbing detta skuleåret eller dei to føregåande?**

Name	Count	Percent	Average
Ja	20	66,7%	
Nei	9	30,0%	
Veit ikkje	1	3,3%	
N	30		1,31

**Rektor har drøfta meldinga med meg.**

Name	Count	Percent	Average
1 Ueinig	3	15,0%	
2 Litt uenig	1	5,0%	
3 Litt einig	3	15,0%	
4 Einig	12	60,0%	
Veit ikkje	1	5,0%	
N	20		3,26

**Arbeid med plan for psykososialt miljø på Gimle skule**

	Ueinig 1	2	3	Einig 4	Veit ikkje	Aver age	N
Nye føresette blir informert om planen på foreldremøte.	2	0	3	3	5	2,88	13
Eg meiner føresette er kjend med at dei kan be om tiltak knytt til det psykososiale miljøet.	0	2	4	5	2	3,27	13
Eg meiner føresette er kjend med skulens plikt til å handsame slike oppmodingar.	0	1	5	6	1	3,42	13
Elevrådet og elevane informerast om planen i samband med første elevrådsmøte kvart skuleår.	1	0	3	2	7	3,00	13
Eg meiner elevane er kjend med at dei kan be om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet.	0	2	4	6	1	3,33	13
Eg meiner elevane er kjend med skulens plikt til å handsame slike oppmodingar.	0	0	5	7	1	3,58	13

**Har du kommentarar til spørsmåla eller andre kommentarar kan du ta dei her**